



Arkoconsult AS  
v/Nina Søvik Mjømen  
Postboks 103, HTB-bygget  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/456 - 16/27085

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
29.09.2016

## Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 123/138

Teknisk drift syner til brev datert 04.08.16 og revidert situasjonsplan motteke 13.09.16 vedkomande søknad om avkjørsle frå kommunal veg – gbnr 123/138 Risa.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle på følgjande vilkår :

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vognormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- På dei to første metrane skal avkjørsla ha eit fall frå kommunal veg på 5cm, på dei neste metrane skal avkjørsla ha ei maks stigning/fall på 1:8. Under avkjørsle skal det leggast ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm.
- Siksone skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vognivå. Eigar/brukar av avkjørsla skal, til ein kvar tid halde siksona vedlike.
- Ytterligare informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

*Det er med heimel i Veglova §40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vognormal N 100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar.*

**Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknyting til kommunal veg. Bygging av avkjørsla treng eige løyve frå byggesak.**

### Vedkomande planering av tomt:



På innsendte teikningar er det vist at det skal utføras ei heving av terreng slik at ein i byggegrensa får ei skråning og fyllingsfot mot kommunal veg . Etablering av skråning og fyllingsfot mot veg i byggegrensa er søknadspliktig tiltak (jf. Kap 12 om reguleringsplan ([www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)) og plan og bygningslova §§ 1-6 og 20-1).

Byggegrense mot offentleg veg i regulerte områder skal, på lik linje som byggegrense i uregulerte områder, ta vare på dei krava som ein måtte ha til vegsystemet og til trafikken langs denne. Byggegrense skal blant anna ivareta trafikktryggleiken til dei som ferdast i og langs offentleg veg, samt sikre at kommunen kan drifta og vedlikehalde vegarealet (veg, grøft og anna sideareal) på ei forsvarleg måte.

Sjølv om ei tomt ligg i eit regulert området vil fastsettingane i Veglova verte gjort gjeldande. Det betyr at tiltak som skal etablerast i byggegrense mot veg er søknadspliktig (jf. §§ 29, 30, 36 og 57 i Veglova).

#### **Veglova § 29 (utdrag):**

*Langs offentleg veg skal det være byggegrenser fastsett med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av regulerinsplan etter plan og bygningslova. Byggegrensene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnomsyn.*

.....

Tilvisinga i første ledd « byggegrenser fastsett med heimel i denne lova» gjeld ikkje berre byggegrense fastsatt etter veglova, men òg byggegrenser som er fastsatt i reguleringsplan (jf. § 29 første ledd, annet punktum). Dette innebærer at vegmynde òg kan handheve byggegrenseavstander i reguleringsplaner ( jf. Veglova § 36). Ei dispensasjonssøknad i regulerte områder skal fremmest som ei reguleringsak for bygningsmyndigkeit som igjen innhenter «uttale» frå vegmynde.

#### **Veglova § 30 (utdrag):**

*Byggverk, her og lauskiosk, opplag eller anna større innretning må ikkje utan særskilt løyve plasserast innanfor byggegrenser som er fastsett i eller med heimel i § 29.*

*Føresegne i første ledd skal gjelde tilsvarande for vareramper, murar og liknande, for utsprengde og utgravne rom og for nettstasjoner og andre byggverk m.v.....*

.....

#### **Veglova § 36 (utdrag):**

*Blir byggverk eller anna innretning som nemnt i § 30 eller § 32 plassert eller endra i strid med det som er fastsett i eller med heimel i denne lova, kan innretninga takast bort, flyttast eller endrast. Den ansvarlege lyt då bere kostnaden, dersom han ikkje sjølv syter for å ta bort, flytte eller endre innretninga innan ei fastsett frist.*

.....

#### **Veglova § 57 (utdrag):**

På eigedomsområdet til offentleg veg er det forbode utan løyve frå vegstyresmakta

- 1) å grave, sprengje, ta bort masser, hogge tre eller gjere anna inngrep,
- 2) å sette reklameinnretning eller anna innretning, å legge tømmer, ved, stein, torv, byggemateriale eller anna på annan stad enn der det er laga særskilt offentlig opplagsplass til slik bruk,

.....

Eigedomsområdet til offentleg veg omfattar både privat og offentleg grunn. Dette området er satt til 3 meter målt frå kant kommunal veg. Dette arealet vert disponert av vegmynde for å kunne drifte og vedlikehalde vegen og for å sikre at dei som ferdast i og langs offentleg veg får ei trafikksikker veg.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsle frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/ privatsrettslege avtaler. De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

**Klage:**

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune ved byggesak  
Lindås kommune ved fagsjef veg

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103,        5291  
HTB-bygget

VALESTRANDSFOSSEN